



ULLENSVANG HERAD  
Sandvikevegen 11  
5780 KINSARVIK

Dato: 28.06.2018  
Vår ref.: 2016/1978-5  
Saksbehandlar: oysmons  
Dykkar ref.:

## Fritak for eigedomsskatt for freda og verneverdige bygningar - gnr 73 bnr 6 i Ullensvang herad – kulturmingefagleg fråsegn

### Kva saka gjeld

Hordaland fylkeskommune har motteke brev frå Jørund Helleland, eigar av gnr. 73 bnr. 6 Lofthusvegen 2, Ullensvang kommune. Helleland har søkt heradsstyret om fritak for eigedomsskatt for eigedomen sin. I grunngevinga viser Helleland til skriv frå Riksantikvaren, datert 16.02.2016. Skrivet frå Riksantikvaren er retta til kommunane, og er ein oppmoding til desse om å nytte seg av det høvet eigedomsskatteloven gir til å frita ikkje berre freda, men òg andre historisk verdfulle eigedommar frå eigedomsskatt.

Ullensvang herad peikar i sitt svar til Helleland i brev datert 25.04.2018 på at heradet gjev skattefritak, men at dei nyttar kriteriet «freda bygningar» som kriterium for å få innvilga fritak. Som Riksantikvaren skriv, er det opp til kommunane å avgjere kven som skal få skattefritak. Ullensvang herad peikar på at ei utviding av kriteriet utover freda bygningar vil by på problem med å hevde likskapsprinsippet når ein skal vurdere kva for eigedommar som kvalifiserer til fritak.

Heradet skriv at søknader utover freda bygg må handsamast einskildvis, og at dei treng ein uttale om kulturminneverdien frå anten Fylkeskonservatorene eller Riksantikvaren som grunnlag for handsaming av slike søknader. Dei konkluderer med at ein bygning må ligge «tett opp til fredningsstatus, og ha særleg høgt vernebehov» om skattefritak skal vere aktuelt.

### Kulturmingefagleg uttale

Våningshuset er ifølge SEFRAK-registeret bygd i 1877. Det er bygd til rundt 1890-95, ny ark kom til i 1930, nye vindauge i 1935. Bygningen har preg av sveitserstil, og er etter tilsendte bilete å døme godt halde ved like. Huset er i dag bustad, men har òg vore skule, internat, bank, lensmannskontor og heradskasse. Huset har i så måte ei interessant historie, og har difor òg ein betydeleg lokal kulturhistorisk verdi utover det reint arkitektoniske.

Ullensvang herad har ein restriktiv praksis når dei vurderer søknader om fritak frå eigedomsskatt, avgrensa til freda bygningar. Heradet har ikkje utarbeidd kulturminneplan, og i arealdelen til kommuneplanen er berre SEFRAK-registeret og registreringar i Askeladden nemnt under punktet *Eksisterande kunnskap*. Ein rår såleis over eit begrensa tilfang av kunnskap for å vurdere verdien av kulturminne generelt i heradet, men òg i dette konkrete tilfellet.

Som Riksantikvaren skriv, er fritak for eigedomsskatt av stor verdi for den einskilde eigar, då det er både fysisk og økonomisk krevjande å ta vare på gamle bygningar. Når kunnskap om kulturminne er dårlig kartlagde, er risikoen for at dei går tapt stor, ikkje minst når den økonomiske byrden for den enkelte eigar

blir for tung å bere. Etter Fylkeskonservatorens syn er dette eit argument for å lempe på heradets praksis når dei vurderer fritak for eigedomsskatt.

### Konklusjon

Våningshuset i Lofthusvegen 2 er eit godt vedlikehaldt hus der bygningshistorikken let seg avlese. Huset har neppe nasjonal verdi som kulturminne, men har ein høg lokal verdi, både arkitektonisk og kulturhistorisk. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader når det gjeld kulturminne.

Monika Cecylia Serafinska  
fung. fylkeskonservator

Øystein Monsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Jørund Helleland